

30.1984002

SVEIO KOMMUNE

PLANFØRESEGNER FOR BUSTADFELTET SVEIÅSEN

- B) § 1. Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Busetnaden skal der byggjelinje er oppgjeve, plasserast innanfor denne.
- § 2. Frittliggjande bustadhus kan førast opp i inntil 2 etasjar. I hus med ein etasje der terrenget etter bygningsrådet sitt skjøn ligg til rette for det, kan sokkeetasjen innreiast for busetnad innanfor ramma av føresegnene i byggjeforskriftene.
- § 3. For kvar familiebusetad skal det gjevast opp plass for 1 garasje og plass for oppstilling av 1 bil.  
Garasjen skal vera tilpassa bustadhuset med omsyn til materialvalg, form og farge.  
Plassering av garasje skal visast på situasjonsplan som fylgjer byggjemelding for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samstundes med huset.  
Garasjen kan plasserast i nabogrense i mehald til føresegnene i byggjeforskriftene.  
Bygningsrådet fastset den endelege plassering av garasjen.  
Uthus kan førast opp i tilknytning til bustadhus eller garasje. I særleg høve kan bygningsrådet gje løyve til å føra opp separat uthus.
- § 4. Grunnflata til bygningen, inklusive garasje og uthus må ikkje overstiga 30 % av arealet innanfor tomtegrensene.
- § 5. Bustadhus med tilhøyrande garasje og/eller uthus skal ha ein takvinkel på minst 15<sup>0</sup>, og høgst 45<sup>0</sup>.  
Bygningsrådet kan krevja at bygningar som det er naturleg å sjå i samanheng, skal ha same takform, takvinkel og/eller møneretning.

